

RV 39 HP26 og HP27, Omklassifisering av gamal veg i Stigedalen, Eid kommune

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

På E39, på vegparsellen mellom Hjelle og Korsen, vert 645 m gamal veg omklassifisert til kommunal veg. 60 m gamal veg vert lagt ned som offentleg veg og overført til tilstøytande eigedom.

Prenta vedlegg:

1. Kartskisse, Omklassifisering av gamal veg, Stigedalen, dagsett 13/01/05.

Saksframstilling

På vegen mellom Hjelle og Korsen er det gjort utbetringsarbeid, slik at ein vegparsell blir liggjande att utanom den nye vegen. Denne må det avgjerast ny status for.

I Reguleingsplan E 39 Stigedalen, parsell Hjelle – Korsen er omklassifiseringa omtalt slik:

Eksisterande E39 frå krysset på Hjelle og fram til ca. 100 meter før bustadhuset til Kåre Vedvik gnr. 54/1, vert føreslegen omklassifisert til kommunal veg. Denne vegen vil bli stengt like etter avkøyrslø til hytte tilhøyrande Anny Torheim gnr. 54/6. Ved avkøyrslø til Endre Hjelle vil det bli opparbeid snuplass. Omklassifiseringa føreset godkjenning i samsvar med § 7 i Vegloven.

Med referanse til gamal veg sin kilometrering er det nye krysset på Hjelle etablert ved HP 26 km 2,390. Frå dette krysset til der gamal og ny veg møtast, i retning mot Eid, ligg der att ca. 60 m. Denne vegparsellen er tillagt gang-/sykkelvegen på staden. Avkøyrslø til hytta tilhøyrande Anny Torheim, der den gamle vegen blir stengt, ligg ved HP27 km 0,250. Resten av den gamle vegen ca 60 m, fram til der gamal og ny veg møtast i retning Møre, vert tillagt tilstøytande eigedom.

Ut frå dette vil regionvegsejfen tilrå at 645 m gamal veg vert omklassifisert til kommunal veg.

Fylkesdirektøren har ikkje noko å merke til tilrådinga frå regionvegsejfen og tilrår at den vert vedteken.

TILRÅDING

På E39, på vegparsellen mellom Hjelle og Korsen, vert 645 m gamal veg omklassifisert til kommunal veg. 60 m gamal veg vert lagt ned som offentleg veg og overført til tilstøytande eigedom.